

KONTAKT

KYRKJEBLADET FOR MELAND · NR. 4/19 · 29. ÅRGANG



3-4

Misjonsprosjekt

6-7

Pølsemisjonæren

8-9

Ei reise gjennom mørke



DEN NORSKE KYRKJA

Meland kyrkjelyd

KONTAKT er kyrkjebladet for Meland kyrkjelyd. Det vert laga i samarbeid med Alversund, Seim, Lygra, Osterfjorden og Mo sokn. Kyrkjebladet kjem ut 4 gonger i året.

Bankgiro: 3632.07.04019 eller
Vipps 59301

Redaktør: Geir Øy

Redaksjon: Vibeke Bjørndal Midttun, Torbjørn Bøen og Anne Sofie N. Uthaug

Grafisk design: Simen Søvik

Trykk: Bodoni AS

Framsidede: Edelgran i vinterdrakt.
Foto: Vibeke Bjørndal Midttun

www.melandkyrkja.no

Adresse: Postboks 117, 5906 Frekhaug

Telefon: 56 17 14 80

Epost: post@melandkyrkja.no

Besøksadresse kontor og Møteplassen:
Havnevegen 31, Frekhaug

Treffetid: Mandag, onsdag, fredag 12.00-15.00

Tankestrek

Tekst: Anne Sofie Nergård Uthaug

Ny kommune – men Meland består!

Vi er mange som dei siste åra har kjent på mange rare kjensler i samband med samanslåing av tre kommunar til ein. Skal eg stemme for eller i mot? Var det rett å vedta denne samanslåinga? Og viss ein jobbar i ein av dei kommunale avdelingane eller i kyrkja som vert direkte rørt ved i samanslåinga: Korleis vil dette bli? Kor skal eg jobbe? Eg var ein av dei som kjente på uro, og framleis er det spenning i lufta og alt er ikkje klart enno. Samanslåing er ein krevjande prosess både arbeidsmessig og kjenslemessig.

Framfor endring er det heilt naturleg å kjenne på uro. Vi er forskjellige som menneske, nokre likar endringar, andre vil helst ikkje ha endring i det heile tatt. Det er viktig å ta begge typar kjensler på alvor.

I prosessen vi har hatt i kyrkja, har vi utfordra dei tilsette på å sjå etter moglegheiter og farar i den samanslåinga som kjem. Det var ein nyttig runde. Ein viktig konklusjon for dei tilsette i kyrkja var at vi ønskjer å vere mest mogleg lokal og så nær det folket vi skal tene som mogleg. Fellesnemnda følgde opp med å vedta at det framleis skal vere kyrkjekontor på Frekhaug, Manger, Lindås, Ostereidet og Knarvik i tillegg til fellesrådskontoret i Knarvik. Sjølv om det blir eitt fellesråd og ei felles forvaltning og gravferdsadministrasjon i Knarvik, så er det viktigaste som skjer for folk flest i kyrkjelydssamanheng, det som skjer lokalt i sokna: Meland, Radøy, Lindås, Osterfjorden og Knarvik sokn. Meland består – som kyrkjelyd og som sokn, om Meland kommune ikkje finst lengre frå januar 2020.

Samtidig blir vi eit større fellesskap i Alver kyrkjelege fellesråd. Det vart kanskje synleg for fleire på Alverdagen 19.10, då det var ein felles stand for kyrkja i Alver. Mange av oss håpar at det større fellesskapet skal føre til at vi styrkjer kvarandre på ulike fagområde. Men samtidig bør ein ikkje prøve å gjere fem ulike kyrkjelydar meir like kvarandre. Det beste er at kvar kyrkjelyd får utvikle sin styrke og vere til inspirasjon for andre. Meland kyrkjelyd er til dømes den av dei fem som har mest innslag av barnefamiljar i gudstenestene. Vi vil gjere alt vi kan for at gudstenestene i Meland framleis kan vere attraktive både for små og store, noko som krev prioritering og handlerom.

Meland kommune går, Meland kyrkjelyd består.

Helsing Anne Sofie Nergård Uthaug, avtroppande kyrkjevevjerje i Meland



Bjørn Tore Sæle

Sokneprest – 56 17 14 84
bs694@kyrkja.no



Anne Sofie Nergård Uthaug

Kyrkjevevjerje – 56 17 14 85
au887@kyrkja.no



Ruben Sæle (permisjon)

Diakon med ungdomsfokus
56 17 14 88 - rs433@kyrkja.no



Håkon Økland Kinsarvik

Spesialprest – 56 17 14 80
hk482@kirken.no



Vibeke Bjørndal Midttun

Vikar for diakon
56 17 14 80



Trond Fykse

Kyrkjelydsmusikar – 56 17 14 83
tf788@kyrkja.no



Anne Marit Fosse Dahle

Kyrkjelydspedagog – 56 17 14 82
ad423@kyrkja.no



Linda Gripsgård Lunga

Konsulent – 56 17 14 80
ll362@kyrkja.no



Junji Furukawa

Kyrkjetenar – 467 97 567
junjif@sky.plala.or.jp



Regine Sagstad Berg

Soknerådsleiar – 993 24 460
reginesagstad@gmail.com



Følg oss på Facebook:
[@melandkyrkja](https://www.facebook.com/melandkyrkja)

Misjon i Midtausten

Tekst og foto: Torbjørn Bøen

I haust har Meland kyrkjelyd gått i gang med eit nytt, spennande misjonsprosjekt i samarbeid med NMS. Det er Det Norske Misjonsselskap sitt prosjektområde i Midtausten. NMS har ingen egne utsendingar, men støttar opp om lokalt arbeid. Eg møter Åslaug Ihle Thingnæs som er NMS sin representant i Midtausten på kyrkjekontoret.

PRESTEDOTTER I ALVERSUND

Åslaug fekk oppleve Nordhordland når ho som ung kom til Alversund i 1966. Ho fortel at ho gjekk på ungdomsskule og vidaregåande i Knarvik.

– Far var prest i Nordhordland. Han hette Steinar Ihle og var aleine prest i Alversund, Seim, Meland og Lygra. Han måtte ta ferja frå Knarvik til Steinestø, og frå Salhus til Frekhaug. Det gjekk ikkje ferje veldig ofte på sundagsmorgon, så det var ein lang tur, seier Åslaug og ler hjarteleg.

– Mormora og morfaren min var bestyrarar på ein guteheim på Litlebergen på 1920-tallet. Mor blei døypt i Meland og blei også gravlagt her i 1970.

I 1976 kom Åslaug til Stavanger og har budd der og jobba i NMS heile livet. Dei siste 7 åra fortel ho at ho berre har jobba med Midtausten.

– NMS har hatt kontakt med Midtausten i 30 år. Det vart oppretta som svar på utfordringa med det som vert kalla 10-40 vindauge. I dette området er det mykje islam, få misjonærar og veldig lite kyrkjeleg arbeid.

TV-MISJON

99 % av innbyggjarane i Midtøsten og Nord-Afrika har satellittantenner og TV. Den arabiske kristne TV-kanalen SAT-7 tek opp sosiale problem. Dei er ei kristen stemme inn i eit område med svært få kyrkjer.

Åslaug fortel at det er berre lokale arabisktalende folk som jobbar i TV-kanalen som sender Satellitt-TV over heile Midtausten. Dei har studio i Tyrkia, Egypt og Libanon. I tillegg har dei studio på Kypros og i London på farsi for å nå folk i Iran. Tema som blir tatt opp spenner vidt, frå trusfridom og kvinnerettar, til konfliktløysing og mediekritikk. Målsetjinga er å auka merksemda rundt menneskerettar mellom sjåarane i tillegg til å inspirera dei gjennom engasjert historieforteljing.

Dei er heilt avhengige av gjevarteneste for å kunne driva.



MISBRUK AV BLASFEMILOV

Med støtte fra NMS og NORAD jobbar den pakistanske menneskerettsorganisasjonen CLAAS mellom anna for å beskytta minoritetar mot misbruk av landet si blasfemilov.

Ho fortel at CLAAS i utgangspunktet er ein kristen organisasjon, men at dei også hjelper andre minoritetar som blir forfølgde. – Dei fleste er kristne, men dei støtter også muslimar, sikhar og hinduar.

GIR UNGE GUTAR TRU PÅ SEG SJØLV

På retreat- og kursstaden Anafora utanfor Kairo i Egypt driv Biskop Thomas med ein guteleir. Åslaug fortel med stort engasjement om guteleiren.

– Gutane har droppa ut av skulen heime. Familien sender dei ut for å jobba sidan dei treng pengar, men Biskop Thomas inviterar gutane til Anafora og motiverer dei til å gå på skulen. Han gir dei tru på seg sjølv og sine evner. Gutane får litt pengar for å gå på skulen slik at foreldra får dei pengane dei treng eller det dei har sendt borna ut for å jobba for. Gutane får òg ein ransel og litt utstyr til å gå på skulen. Dei blir innvia som hjelparar til gudstenesta. Når dei kjem att, blir dei ein ressurs for menigheita.



Over 200 fattige gutar får ein ny sjanse på leir på Anafora i Egypt. Gutar, som vanlegvis må arbeida for å tene til familiens opphold, får på denne leiren oppleve det å vere born og blir møtt med kjærleik.

Midtausten som nytt misjonsprosjekt

Tekst: Vibeke Bjørndal Midttun

Foto: Anafora.

I haust har vi gått i gang med eit nytt misjonsprosjekt i Meland kyrkjelyd i samarbeid med Det Norske Misjonsselskap: NMS sitt prosjektområde i Midtausten. Regionen strekkjer seg frå Marokko til Afghanistan, frå Tyrkia til Sør-Sudan, og har 500 millionar innbyggjarar. Det er fleire forskjellige arbeidsområde i ulike land. NMS har ingen norske utsendingar, men støttar opp om lokalt arbeid: SAT 7 som er eit kristent mediarbeid med TV-kanal, nettsider og praktisk oppfølgingsarbeid, bibelarbeid, arbeid for fattige barn i Egypt og mykje anna.

På gudstenesta 15. september markerte vi oppstart av misjonsprosjektet. Åslaug Ihle Thingnæs, NMS sin representant i Midtausten og vår kontaktperson, var med og

gav mykje god informasjon om arbeidet. Same kveld hadde ho «Misjonsfokus» på Møteplassen med tema: Midtausten, misjon i mot- og medgang.

Vi har eit misjonsutval som jobbar spesifikt med misjonsprosjektet. På heimesida vår, www.melandkyrkja.no, finn du meir informasjon om misjonsprosjektet og om korleis du kan gje ei gåve.

Frå kyrkjebenken

Tekst og foto: Lars Bjarte Nesheim.

FRÅ KYRKJEBENKEN MED SIGRUN DALE

– Kva kyrkje tilhøyrer du?

– Eg høyrer til Mo kyrkjelyd, Mo kyrkje i Modalen

– Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?

Eg har vore aktiv i kyrkjelyden sidan sist på 1970-talet

– Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden?

– Eg set pris på fellesskapet når me kjem til kyrkje, at me er mange som kjem saman og feirar gudsteneste i lag. Spesielt er det kjekt når born og unge bidreg i gudstenesta.

– Korleis vil du skildra kyrkja?

– Mo kyrkje er ei fin lita trekyrkje frå 1883, med lune fargar. Det kjennest godt å koma inn i Mo kyrkje og vita at her har folk samlast til gudsteneste, i glede og i sorg i 136 år.

– Kva salme syng du for tida?

– Eg er glad i å syngja salmar, og eg syng både når eg er åleine og saman med andre. Kva salmar eg syng varierar litt etter årstidene. Ein salme som alltid ligg i botnen er: “Med Jesus vil eg fara”. Den har fylgt meg heile livet. Men no på denne tida syng eg gjerne ein nyare salme av Eivind Skeie, med melodi av Sigvald Tveit: “Jeg tror på jordens forvandling”. Den talar om det kristne håpet, og både tekst og melodi er fine, og den er lett å syngja. Den står på nr 899 i Norsk Salmebok.

– Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?

– Ein god kyrkjekaffi består både av god kaffi og ein kakebit til, og sosialt samvær og prat. I Mo kyrkje er det nesten alltid kyrkjekaffi, og den har same funksjon som den gamle kyrkjebakken hadde. Ein kan få ordna opp i mange ting på kyrkjekaffien!





MELAND ELEKTRO

AUTORISERT ELEKTROENTREPRENØR

Mjåtveitflaten 45 • 5918 FREKHAUG
Tlf 56 17 87 00 • post@melandelektro.no
www.melandelektro.no

**TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?**



**KIRKENS
SOS**

22 40 00 40



Magnhild Dyrdal har stor glede i det mangfoldige virket sitt. Foto: Arthur Kleiveland.

Pølsemisjonæren

Tekst: Arthur Kleiveland

HO HAR PRODUSERT TONNEVIS MED GODSAKER FRÅ SAU OG GEIT I ÅREVIS HEIME I AUSTFJORDEN. DET ER MANGE SOM VIL HA JULEPØLSE, RULL OG PINNEKJØT TIL JUL. HO BRENN OGSÅ FOR MISJONSARBEIDET. MAGNHILD KAN TRYGT KALLAST «PØLSEMISJONÆREN».

Kven har ikkje høyrte Arne Høyland syngja om at «det er pølsna hennar Magnhild so e best». Ho har runda 73, men er framleis aktiv som få. Og kjøtvarene hennar er framleis ettertrakta. Det er mange som skal ha godsaker til jul. Ho skjer kjøt i vekesvis, og gler seg over at mange har fått sansen for pinnekjøtt av geit.

Magnhild Dyrdal er mykje engasjert i misjonsarbeid, og her er det også travle tider før jul. Ho sel både rull og betasuppe til inntekt både for Misjonssambandet og Misjonsselskapet på messer i Knarvik. Og ho er læremeister når ein flokk misjonsfolk samlast til dugnad for å sy fårerull til NMS-messa – det kan gjerne verta nærare hundre rullar.

IKKJE PENSJONIST I GUDS RIKE

Pensjonistlivet verkar framand for 73-åringen frå Dyrdalen. – Du blir aldri pensjonist i Guds rike, fastslår ho.

Magnhild og mora var i mange år dei einaste medlemmane i misjonsforeninga i Austfjorden. No er ho den einaste

etter at mora døydde. Misjonsforeningane i Austfjorden og Vikanes har funne saman, og dei få sjelene møtest med jamne mellomrom og gjer ein super innsats for misjonen. Foreninga har basaren i grendahuset på Vikanes som sitt store mål, og basaren trekkjer alltid fullt hus siste søndagen i september.

- Det er ikkje så mange basarar som før, så ein del tek ungene med seg på langtur for å oppleva denne tradisjonen, seier Magnhild. Her sel ho meir enn årer - også pinnekjøtt og andre saker går til inntekt for misjonen. Ho fortel at foreninga arbeider både for Misjonssambandet og indremisjonen.

BETASUPPE OG RASPEBALLAR

Betasuppa er så avgjort ein av Magnhild sine spesialitetar. Den leverer ho til mange arrangement og forsamlingar rundt omkring i store delar av Nordhordland. Ho lagar også litt fuglemat med animalsk fett som blir selt til inntekt for misjonen – det går unna og fell i god smak hjå fuglane.

Ho er også med på Sprell Levande på Ostereidet – som er søndagsskule på ein torsdag anna kvar veke rett etter skuletid.

Ho er også på plass på raspeballe-middagen ein gong i månaden på Eknes bedehus – til inntekt for vedlikehald av bedehuset. Kjøttet kjem frå Dyrdalen, og raspene lagar ho på bedehuset.

Magnhild er også aktiv i kyrkjelivet i Ostereidet. I midten av november er ho med når Normisjon-foreininga på Ostereidet har basar og møtedag i midten av november.

KJENNER SEG VELSIGNA

Denne dama har så visst ikkje problem med fritida.

- Det er fritid i «bygtings arbeid», seier ho med eit smil. Og ho legg til:

- Eg opplever det svært meningsfullt å vera engasjert i misjon og kristenliv. Det er viktig å jobba mens det er tid, og få flest mogleg med oss til Himmelen, seier ho.

- Eg kjenner meg berika og velsigna når eg kan få bidra og gjera det som eg vert minna om å vera med på, seier den spreke pensjonisten. Mora vart 92 år, morsøster hennar 99, og mange i familien har nådd høg alder.

73-åringen har vore van med å vera mykje ute i naturen i heile sitt liv, og seinast i sommar var ho fleire turar til fjells.

VART KJENDIS

Magnhild frå Dyrdalen vart kjendis i Øyvind Sandberg sin film «Folk ved fjorden», som mellom anna fortalde den fengslande historia om Magnhild og mora Maria, som heldt liv i gamle tradisjonar, mellom anna spekepølse-produksjon på den eldgamle måten. Sandberg fekk Amanda-prisen for dokumentaren, og filmen fekk pris for beste dokumentar på Bergen internasjonale filmfestival.

- Det var sjølvsagt kjekt, all ære til Sandberg, seier Magnhild.

Men den auka etterspørselen etter ulike medieoppslag var ikkje fullt så enkel å dekkja.

- Kunne jo ikkje sånn over natta dobla produksjonen, seier ho.

FEKK SLAKTEKNIV SOM SJUÅRING

Magnhild har laga pølser sidan ho var lita jente. Alt som sjuåring fekk ho sin første slaktekniv. Kvar haust vart det produsert pølse i Dyrdalen, som på mange andre gardar i området. Ho fortel at kvar hadde sin særsmak, og du kunne kjenna skilnaden.

Råvarene gjekk på beite opp under bratte fjell, - sau og geit rett utanfor stovedøra. Her handla det verkeleg om kortreist mat på ein gard som først i 1986 fekk bilveg til gards. Datanettverk kan ho visst sjå langt etter, har ho fått beskjed om - til det ligg garden for avsides, og det blir for dyrt.

HAR EIN DRAUM

Magnhild Dyrdal har sidan 2000 reist rundt som ein spekepølse-misjonær, i tillegg til å driva produksjon og sal frå garden sin. Hennar spesielle oppskrift er at kjøttdeigen skal modna i fleire veker før pølsene blir stappa. Det gir som resultat at dei gode mjølkesyrebakteriane - som skapar den flotte spekematen - får utvikla seg. Ho brukar aldri krydder eller tilsetjingsstoff i pølsene sine.

Magnhild slår fast at det er fullt mogleg å laga mat frå botnen, mat som også er bra for kroppen. Draumen er at fleire skal ta i bruk denne metoden anten til privat bruk eller i småskala produksjon. - Det tek lenger tid å laga spekepølse på den verkelege gamle måten, men det er verd det, seier ho.



Stor etterspørsel etter pølsene hennar Magnild seier mykje og kvaliteten på produktet. Foto: Øyvind Sandberg.

Ei reise gjennom mørke

Tekst og foto: Arve Kjell Uthaug

- EG HAR FÅTT EIN STØRRE RESPEKT FOR LIVET OG ALLE SLAGS MENNESKE EG MØTER, EI ÆREFRYKT. EG SET HØGARE VERDI PÅ MENNESKA RUNDT MEG, FØLER EG SJØLV, OG SÅ HAR EG FÅTT EIN MYKJE DJUPARE TILLIT TIL GUD.

VINTEREN 2015 GJEKK DET I SVART FOR OLAV SOLLID. HAN VAR SÅ LANGT NEDE AT HAN IKKJE GREIDDE SJÅ AT LIVET VAR VERD Å LEVA. LITT ETTER LITT KOM HAN SEG PÅ BEINA ATT.

Sollid møter oss heime på kjøkkenet i Alvermarka, ikkje langt frå Nordhordland Kristne Grunnskule, der han i fleire år var rektor med eit stort ansvar for både elevar og tilsette. Trønderdialekten minner om at han ein gong har trekt sørover. Den småforkjøla stemma røper at han har litt feber i kroppen – men det er eit lite å bry seg om i den store samanhengen.

STOPP

Olav kjende seg sliten, og han hadde utfordringar rundt seg som han ikkje heilt greidde løysa.

- Det slo ut vinterferien 2015. Då sat eg på denne plassen her, det er min plass ved bordet, og eg kjende det kom ei voldsom uro over meg. Uroa hang saman med ein del krav eg stilte til meg sjølv, fortel Olav. Akkurat der og då hadde han m.a. klare tankar om at det var viktig at han stilte opp for borna sine og gav dei ein god vinterferie.

- Men så kjende eg at batteriet var så flatt, eg hadde så lite energi, og så sat eg ved bordet og tenkte på det og på dei andre tinga eg syntest var krevjande. Kjensla av å komma til kort skapte ei veldig uro, og eg sa til kona mi at eg måtte ut og gå ein tur for å rista det av meg og få litt frisk luft.

HJARTELAG

Men så enkelt var det ikkje. Ting hadde samla seg opp over tid, og no var det som «ei bølge» slo over han. Han måtte få hjelp frå lege og psykiater, og han fekk medisin. I utgangspunktet var han oppteken av å få hjelp frå ein kristen psykiater, men han opplevde òg at han fekk god hjelp frå fagpersonar som han ikkje veit om var kristne.



Olav Sollid har tunge erfaringar med frå dei siste åra, men erfaringar som har vore med på å gje livet retning etterpå.

- Det som var viktig, var at eg kjende dei hadde eit hjarta for meg. I møte med helseetaten merka eg at nokon hadde ei ekte interesse for mitt ve og vel, medan eg opplevde at andre ikkje viste den same omsorga. Eg vil ikkje klaga på folk, men eg merka forskjellen veldig tydeleg, minnest han.

Situasjonen kravde at han måtte leggjast inn, og han var tre vårmånader på Tertnes DPS (distriktpsikiatisk senter). Negative tankar blanda seg med ein sterk, konstant angst og ei veldig uro. Han vandra mykje omkring.

- Det einaste eg slappa av med var å spela sjakk på pc. Eg gjekk fram og tilbake heile tida på DPS, og så spelte eg sjakk, fortel Olav. Han såg fram til natta, som var «friminuttet» hans. Då fekk han sova. På det tyngste var han likevel så langt nede at han ikkje ønskte å leva meir.

OMSORG

- I starten syntest eg òg det var litt flaut, fortel Olav. Han som hadde vore rektor og hatt ansvaret for 35-40 andre arbeidstakarar, greidde ikkje lenger å ta vare på seg sjølv. Den kristne trua hadde han med seg òg i den vanskelege tida, men uroa var for stor til at han makta å lesa Bibelen eller be noko særleg. Etter kvart opna Olav meir opp for

dei mange som ville besøka han på sjukehuset.

- Pårørande og vener må ikkje trekkja seg bort sjølv om den som har angst, avviser dei. Sjølv om han seier at det ikkje passar, betyr ikkje det at det ikkje passar for bestandig. Vurderingsevna fungerer ikkje heilt optimalt hjå den som har angst, og forma svingar. Stort sett er det positivt at du viser at du bryr deg, prøver på nytt og ikkje gjev opp. Det gjev styrke i ettertid at du var der, trufast i stormen. Og når du bed for nokon, så sei det. For meg var det veldig godt å høyra at folk bad for meg.

Olav Sollid fortel og at familien opplevde praktisk og god omsorg på fleire måtar, m.a. fekk familien ferdig middag heim på døra kvar dag frå vener i kyrkjelyden.

LYNNEDSLAG OG SOLOPPGANG

Olav snakkar om både «lynnedslag» og «soloppgang» når han ser tilbake på prosessen mot å bli frisk att. Ei plutselig oppleving av det første slaget hadde han i bilen saman med familien på veg til Trondheim. Eine sonen spurde kor langt det var att før dei var framme. Olav, med sin mattehjerne, rekna ut temmeleg nøyaktig kor lenge det var til dei ville nå fram. Men sonen spurde igjen fleire gonger, og nok til at Olav vart irritert:

- Har eg ikkje sagt det då, utbraut han. I det same dukka det opp eit bibelord i tankane til Olav, frå Josvaboka: - Har eg ikkje sagt deg, ver frimodig og sterk. Der og då opplevde Olav at det var han sjølv som var barnet, og Gud som var faren. Gud hadde tilgitt han, Olav kunne vera frimodig. Gud hadde kontrollen og hadde gode planar for framtida.

- Det var utruleg mange brikker som fall på plass i det eine bibelverset. Det var akkurat som å sitja i eit teater og sjå

sceneteppe gå opp og få sjå kva som var på den andre sida. Eg følte eg såg direkte inn i Guds tankar og hjarta. Det var på mange måtar som eit «lynnedslag», seier Olav og viser til at dette var eit viktig vendepunkt. Andre ting var meir som ein gradvis «soloppgang»: Han kom i gang med å trenar, gå på jobb igjen og møta opp i kyrkjelyden. Og han opplevde at folk var gode mot han.

- Det bur mykje godt i folk når du vågar vera naken og ærleg, slår han fast.

ÆREFRYKT

For Olav Sollid voks det i sjukdomstida fram eit tydeleg kall til å stilla opp for andre som trong støtte og hjelp. Om han fekk helsa tilbake, ville han engasjere seg i det Jesus nemner i Matteus 25: For eg var svolt, og de gav meg mat; eg var tørst, og de gav meg drikke; eg var framand, og de tok imot meg; eg var naken, og de kledde meg; eg var sjuk, og de såg til meg; eg var i fengsel, og de vitja meg. I ettertid har han stått sentralt i det pulserande arbeidet for Midtausten-flyktningar i Nordhordland Bibelsenter. Utdeling av mat frå Matsentralen og fengseselsbesøk er både han og andre i kyrkjelyden engasjerte i. Å få lov til å bety noko for andre, var ein viktig del av prosessen med å bli frisk igjen.

- Liding i livet betyr ikkje at du er ein dårlegare kristen eller at Gud har forlate deg, seier Olav Sollid og legg til at det er viktig å søkja hjelp og ikkje gje opp. - Det er mogleg å komma seg ut frå det som ser som svartast ut, og komma styrka ut av det. Eg har lært at den kristne bodskapen er aktuelt for dei som har det godt i livet, men òg for dei som opplever tøffe dagar og mykje liding.



Vatne
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø



Knarvik Blomsterstove

Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomsterstove.no



KNARVIK 40 SENTER

Møteplassen for handel og kultur



AUTORISERT BILVERKSTED
EKNES
KAROSSERI AS

Stor etterspørsel etter pølsene hennar Magnild seier mykje og kvaliteten på produktet.



fagmøbler



HELLAND ELEKTRO AS

HOVEDKONTOR: LINDAS
TLF: 56 34 24 30
www.helland-elektro.no

AVD. KONTOR: OSTEREIDET
TLF: 56 34 24 45

JULE-QUIZ

1. Kvar heiter landsbyen som Josef og Maria budde i?
2. Kvifor reiste Maria og Josef til Betlehem?
3. Ein engel sa at barnet som Maria venta skulle heite Jesus. Sa engelen dette til Maria eller til Josef?
4. Kva viste vegen for dei vise menn?
5. Kva gåver fekk Jesus av dei vise menn?
6. Kvar reiste Josef og Maria og Jesus då dei drog vidare frå Betlehem?
7. Kor mange kantar har eit snøfnugg?
8. I Torbjørn Egners Hakkebakkeskogen, er det altfor mykje av noko når deigen skal lagast. Kva er for mykje av og kor mykje blir elta inn i deigen?
9. Kva søtsak laga av mandler er populær i jula?
10. Kva song er desse orda henta frå: «Engler daler ned i skjul»?
11. Kva heiter «God jul» på spansk?
12. Kor mange søndagar er det i advent?



1. Det finst fleire variantar når juletre-spørsmålet skal løysast. Ranger frå vanlegast til minst vanleg: gran, edelgran, plasttre, ingen juletre.
2. Kva for eit av desse orda finst ikkje i juleevangeliet i Bibelen (Lukas 2): Syria, stall, krubbe, engel og gjetar.
3. Den faste juleklassikaren på tv Tre nøtter til Askepott er produsert i to land som ikkje eksisterer lenger. Kva for land?
4. I den norske adventsserien Jul i Skomakergata hadde skomakar Andersen ein fast hjelpar som viste ein liten film i kvar episode. Kva heiter denne hjelparen?
5. I songen Gniar'n av Salhusvinskvetten avslår hovudpersonen å kjøpa julenek til fuglane. Kva for to grunnar gjev han til dette?
6. «Hvi lot du frem ei lyne en mektig englevakt, som deg i silkedyne så prektig burde lagt?» Kva for julesalme er denne strofa henta frå?
7. Kva drikke er det snakk om her, henta frå den engelske utgåva av Wikipedia: «(It) comes in a sparkly red color, from strawberry and raspberry, or a pale-brown color, similar to beer, depending on brewery and brand.»
8. Kva er eit anna namn på trettande dag jul (6. januar)?
9. Kva plante, nytta i jula, er dette på norsk: Euphorbia pulcherrima?
10. I kva for ein Nordhordlandskommune ligg staden Julaftaberget?
11. Kva for Astrid Lindgren-figur steller til jul for alle fattigfolka i Katthult?
12. Songaren Jussi Björling er særleg kjent for framføringa av ein julesalme. Kva heiter denne salmen?

SVAR JULE-QUIZ FOR BARN

1. Nasaret
2. Det skulle vere folketeifing. Dei skulle skrive seg inn i manntal
3. Josef
4. Ei stjerne
5. Gull, røykelse og myrra
6. Egypt
7. Seks
8. 1 kilo pepper
9. Marsipan
10. Glade jul
11. Feliz Navidad
12. Fire

SVAR JULE-QUIZ FOR VAKSNE

1. Mest vanleg først: Plasttre (29 prosent), gran (27 prosent), ingen juletre (24 prosent), edelgran (14 prosent) (Andre 5%) 2018-tal. Kjelde: <https://www.nationen.no/article/dryssfri-plast-eller-duftende-gran-fra-skogen/>
2. Stall
3. Tsjekkoslovakia og Aust-Tyskland (to land som ikkje lenger finst)
4. Tøffe Tøflus
5. A) «egg er ikkje slekt» og B) «skal egg setja dei (fuglane) i takknemligheitsgjeld»
6. Mitt hjerte alltid vanke (Norsk salmebok nr. 38)
7. Julebrus
8. Heilage trekonngarsdag
9. Julestjerne (planten)
10. Meland (frå årsskiftet: Alver)
11. Emil i Lønberget
12. O Helga natt

Kulturkalender

29. november – fredag

JULEKONSERT

Knarvik kyrkje kl. 19.00

Knarvik gospel inviterer til julekonsert. Denne gangen sammen med artist Kristin Minde, som er vokst opp på Frekhaug og nå er aktuell med julealbum. Billett: www.bandsintown.com og ved inngangen.

8. desember – søndag

“HEILE MELAND SIN JULEKONSERT”

Meland kyrkje kl. 17.00

Skala Brass Band m/fleire deltek. Meir info kjem i lokalaviser og på nett.

11. desember – onsdag

EKSAMENSKONSERT

Knarvik kyrkje kl. 18.00

Torstein Holmås inviterer til avsluttende eksamenskonsert ved Griegakademiet i Bergen. Torstein er født og oppvokst i Knarvik og ønsker å holde eksamenskonserten sin her. «Som utøvende trompetist må man ha flere strenger å spille på. Dette vil jeg få fram i denne konserten ved å spille klassisk, jazz og popmusikk - noe for enhver smak!»

15. desember – søndag

“SYNG JULA INN”

Meland kyrkje kl. 20.00

Konsert med Felix Vocalis, band og solistar. Bill. kr 150,- Meir info kjem i lokalaviser og på nett.

13. desember – fredag

JULEKONSERT

Knarvik kyrkje kl. 19.30

Eikanger-Bjørsvik Musikklag med dirigent Tormod Flaten ønsker velkommen til julekonsert. Med på konserten er Alversund kammerkor, dirigert av Odd Leif Mjøs.

15. desember – søndag

JULEKONSERT

Alversund kyrkje kl. 19.00

Sigrd Moldestad framfører vakre og vare julesongar saman med Sigbjørn Apeland (trøorgel/piano), Roald Kaldestad (gitarar) og Kåre Opheim (trommer/perc). Billett: TicketCo.no.

JULEKONSERT

Knarvik kyrkje kl. 19.00

Oster Brass inviterer med seg gjester frå heile Alver kommune til ein julekonsert der tilhøyrarane får eit breidt møte med kva musikklivet i Nordhordland kan by på. Gjestene er både ulike typar ensembler og solistar.

16. desember – måndag

JULEKONSERT

Knarvik kyrkje kl. 19.00

Julekonsert med kor, solistar og musikarar frå Nordhordland- og Åsane folkehøgskular. Stort felleskor med ca 280 ungdommar frå begge skulane.

21. desember – laurdag

JULEKONSERT

Knarvik kyrkje kl. 19.00

Garness inviterer til julekonsert med ein hemmeleg gjest. Billett: TicketCo.no.

22. desember – søndag

«HEIM TIL JUL» MED HEIM DUO

Knarvik kyrkje kl. 20.00

Morten Norheim (sax) og Frode Skag Storheim (tangentar) skaper vakre, leikne og stemningsfulle juletonar, og publikum vert invitert med på leiken ved å føreslå låtar duoen kan improvisera over.

23. desember – måndag

JULENATT 2019

Seim kyrkje kl. 22.00

Velkommen til Julenatt 2019 med Seim songkor, dirigent Arild Rohde og organist Frode Skag Storheim. Det vert klassiske julefavorittar og musikk som høyrer høgtida til. Gjesteartist denne kvelden er Frøya Hoen Tjore.

31. desember – nyttårsaftan

FESTKONSERT FOR ALVER

Knarvik kyrkje kl. 22.00

Feiring av den nye kommunen i lag med mange av dei beste lokale artistane. Billett: TicketCo.no og ved inngangen. Arr.: Musikkens Venner Nordhordland

19. januar – søndag

SONG- OG MUSIKKVELD

Knarvik kyrkje kl. 18.00

Nordhordlandsmusikken inviterer til song- og musikkveld.

11. mars – onsdag

FOREDRAG MED FILOSOF EINAR ØVERENGET

Knarvik kyrkje kl. 19.00

Billett kr 100 på TicketCo.no. Arr. Knarvik sokneråd og Huskirken Nordhordland

13. mars – fredag

KONSERT

Knarvik kyrkje

Solveig Leithaug har konsert saman med Knarvik Gospel.





OPPSKRIFT

Tyttebæris

Denne oppskrifta har Wenche fått frå ei niese i Finnmark.

Framgangsmåte:

Først piskar vi eggekvtar frå 3 egg, 3 dl sukker og 3 dl frosne tytteber til trollkrem (kjøkkenmaskin).

Etterpå lagar vi krem av 3 dl fløyte, blandar det med trollkremen og set det i fryseboksen.

Det blir nesten 2 liter med tyttebæris.



Wenche Hagerup
Øpstebø bur i
Alvermarka. Ho likar
godt å gå i naturen.
Når ho er på tur,
plukkar ho gjerne
bær og sopp.



Nordhordland VIRKE GRAVFERD Begravelsesbyrå AS

Ring oss på tlf. 56 37 14 10
eller sjå www.nordh-bb.no

*Stort utvalg
i blomster og
gravminne!*

KYRKJEVEGEN 1
5911 Alversund

FREKHAUG:
Havnevegen 31,
5918 Frekhaug

AVD. VAKSDAL:
Tlf. 56 99 25 70

Me går saman med deg heile vegen

GRAVMINNER

 **Løvaas
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

www.lovaasnaturstein.no

Resultat frå kyrkjevalet 2019

Soknerådet 2020 – 2023 får denne samansetjinga:

Faste medlemer

Regine Sagstad Berg (F. 1988), Drageneset
Erlend Åsebø (F. 1981), Elvavegen, Frekhaug
Kristin Brakstad Traa (F. 1971), Holtermandsvegen
Astrid Anne Fjeldstad (F. 1949), Skjelangervegen
Bertine Wiig Sulebakk (F. 1998), Grønlandsvegen
Bent Gunnar Næss (F. 1962), Håstølen, Frekhaug

Varamedlemer

Maria Christine Sæle (F. 1981), Tjørnavegen
Aslaug Aalen (F. 1973), Krossneset, Frekhaug
Per Audun Heskestad (F. 1955), Juviknipa, Frekhaug
Andreas Sagstad Berg (F. 1987), Drageneset
Aslaug Cecilie Sæle Miljeteig (F. 1971), Grønland

Bispedømerådet 2020 – 2023
får denne samansetjinga:

Medlemer - leke

Nora Sætre Baartveit, f. 1994, teologistudent, Voss. Open folkekyrkje
Per Hilleren, f. 1959, bonde, Stedje. Nominasjonskomiteens liste
Stein Oltedal, f. 1952, pensjonert prest, Naustdal. Bønnelista
Karl Johan Kirkebø, f. 1950, pensjonist, Bergen. Open folkekyrkje
Turid Fjose, f. 1969, overlege, Voss. Nominasjonskomiteens liste
Oddny Irene Miljeteig, f. 1954, komitéleiar, Bergen. Open folkekyrkje
Vemund Atle Øiestad, f. 1948, pensjonist, Nordsida i Nordfjord. Nominasjonskomiteens liste

Medlem – prest

Kjersti Gautestad Norheim, f. 1974, sokneprest i Birkeland.

Medlem – lek kyrkjeleg tilsett

Astrid Fylling, f. 1958, diakon i Løvstakksiden.

Biskopen er fast medlem

Halvor Nordhaug, f. 1953

Varamedlemer

Runar Larsen, f. 1997, student, Sveio. (1. vara Open folkekyrkje)
Marit Melvær Berge, f. 1952, pensjonist, Florø. (2. vara Open folkekyrkje)
Christian Emil Haugen, f. 1990, student, Bergen. (3. vara Open folkekyrkje)
Åse Kongsvik, f. 1962, rettleiar, Leikanger. (4. vara Open folkekyrkje)
Daniel Kydland, f. 1997, student, Knarvik. (1. vara Nominasjonskomiteens liste)
Ingrid Grimstad, f. 2000, student, Stord. (2. vara Nominasjonskomiteens liste)
Mali Smemo Hjemdal, f. 1973, rådgiver, Etne. (3. vara Nominasjonskomiteens liste)
Gerhard August Hansen, f. 1951, pensjonist, Os. (4. vara Nominasjonskomiteens liste)
Solaug Anita Apelthun Sæle, f. 1951, økonomisjef, Fjell. (1. vara Bønnelista)
John Eivind Warvik, f. 1994, pioner/tømrer, Ortnevik. (2. vara Bønnelista)
Kjersti Brakestad Boge, f. 1973, sokneprest i Kvinnherad. (1. vara for prestane)
Tor Martin Koppang, f. 1959, sokneprest i Biskopshavn. (2. vara for prestane)
Beate Nes, f. 1979, kateket i Stryn. (1. vara for leke kyrkjeleg tilsette)
Berit Bakke, f. 1963, områdeleder i Bergen kirkelige fellesråd. (2. vara for leke kyrkjeleg tilsette)



Det var 586 personar som gav si stemme i kyrkjevalet i Meland. 520 stemte på bispedømerådsvalet og 561 på soknerådsvalet. Foto: Arve Kjell Uthaug.

Ny i Meland kommune?

Du er hjarteleg velkommen til å bli med på samlingar og aktivitetar i regi av, eller i samarbeid med Meland kyrkjelyd.

Gudsteneste kvar søndag i Meland kyrkje kl. 11.00.

Treng du skyss til Meland kyrkje? Ta kontakt med **kyrkjekontoret 56 17 14 80.**

Felix Vocalis. Kor for vaksne. Øver annankvar tysdag (oddetalsveker) kl. 20.00 - 22.00 på Møteplassen. *Kontakt: Jannicke Wisløff Åsebø, 40 22 86 94.*

Husgrupper. Smågrupper som møtest i heimar. Sosialt, samtale, måltid, bøn. *Kontakt: Kyrkjekontoret, 56 17 14 80.*

Norskkurs for innvandrere. Gratis norskkurs, små grupper. Kvar måndag kl. 19.00 - 20.30 på Møteplassen. Skyss for dei som treng. *Kontakt: Brit Torun Hitland, 95 22 35 08.*

Internasjonal kafe. Uformell treffplass, nokre gonger med litt program. Kvar måndag kl. 20.30 - 21.30 på Møteplassen. *Kontakt: Brit Torun Hitland, 95 22 35 08.*

KRIK Meland. Trening, leik og andakt i gymsalen på Vestbygd skule ca ein fredag i mnd (sjå Facebook for datoar). To grupper: KompizKRIK: 5-7. klasse, kl. 18-19.30. Frå 8. klasse: Kl 19.30-21.

Levande Lys. Barnekor for deg som har fylt 4 år og oppover. Øver annankvar onsdag (partalsveker) kl. 17.30 - 18.30 på Frekhaug bedehus. *Kontakt: Kamilla Strømsbo Dale, 47 30 65 24.*

Onsdagsklubben. Leik og moro, bibelforteljing og song, bål og bollar for barn og foreldre. Annankvar onsdag (oddetalsveker) kl. 17.30 - 18.30 i Drømmedalen (mellom Mjåtveitstø og Mjåtveitmarka). *Kontakt: Ruben Sæle, 56 17 14 88.*

Open Møteplass. Open treffstad/kafé for dei som er heime på dagtid. Kvar måndag, onsdag og torsdag kl. 11.00-13.30 på Møteplassen. *Kontakt: Marit Sæle, 40 47 35 20.*

Seniors. Treffpunkt kvar første torsdag i mnd kl. 1130 - 1430 med program og middag på folkehøgskulen. Samarbeid med Frekhaug indremisjon og Norkirken. *Kontakt: Victor Bakke, 99 61 75 83.*

Tenklubben, ungdomsklubb for deg som går i 8. klasse og oppover. Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 20.00-22.00 på Frekhaug Bedehus. Samarbeid med Frekhaug indremisjon. *Kontakt: Vibeke Bjørndal Midttun, 56 17 14 86.*

Småbarnstreff med baby-sang. Kvar tysdag kl. 11.00 - 13.00 på Møteplassen. *Kontakt: Anne Marit Fosse Dahle, 93 61 13 11.*

Strilongane. Barnekor for deg som er ca. 4 år og oppover. Øver kvar mandag kl. 17.45 - 18.30 i Ungdomshuset på Rossland. *Kontakt: Sandra Bruvik, 45 25 16 09.*

Søndagsskuleklubben. Aktivitetar og andakt. For barn til og med 2. klasse. Annankvar onsdag kl. 18.00 - 18.45 på Rossland bedehus. *Kontakt: Anlaug Isdal, 99 47 03 09.*

Søndagsskulen Løvegjen-gen kvar søndag utanom skuleferiane og familie gudstenester. Gruppe for barn under skulealder og skulebarn opp til 7. kl. *Kontakt: Håkon Økland Kinsarvik, 97 64 41 69.*

Yngres Frekhaug. Aktivitetar, andakt og kiosk. For 5.-7. klassingar. Annankvar fredag (oddetalsveker) kl. 18.30-21 på Frekhaug bedehus. Samarbeid med Norkirken og Frekhaug indremisjon. *Kontakt: Kari Erikstein, 95 43 58 57.*

Yngres Rossland. Aktivitetar, andakt og enkel matservering, Frå 3. klasse og oppover. Annankvar fredag kl. 18.00 - 19.30 på Rossland bedehus, *Kontakt: Miriam Skurtveit, 94 84 69 96.*

MEIR INFO:
WWW.MELANDKYRKJA.NO

Kort og nytt

KYRKJELYDSPEDAGOGSTILLINGA I 100%

Stillinga som kyrkjelydspedagog vart vedteken auka til 100% frå november sidan diakonmidlar frå bispedømet frigjorde trusoplæringsmidlar som skal brukast på slike formål.

HEIMELSOVERGANG PÅ KYRKJELEGE EIGEDOMAR.

I Meland kommunestyre vart det vedteke i haust å gjere dei formelle endringane i eigedomsforholda kring gravplassane som (som det kom lovordningar for) i 1997. Dette er meir som ein formalitet å rekne, men er praktisk å få ordna opp i før kommunesamanslåinga.

SAMANSLÅING TIL ALVER KYRKJELEGE FELLESRÅD

Prosessen med samanslåing er i siste sving, og i haust er det detaljar omkring stillingane som får endringar som må på plass. Dei fleste stillingane får same arbeidsplass som før. Unntaket er dei administrative stillingane. Meir detaljar finn du på kyrkja.no/meland.



Kyrkja var representert på Alverdagen 19.10.19
Foto: Bjørn Dalsgård Nygård

Av andre viktige oppgåver i haust er innføring av nye felles fagprogram på data som krev kursing og ny organisering. Samtidig er det konstituering av dei nye sokneråda og val av nytt fellesråd. Alver kyrkjelege fellestråd kjem til å møtast frå desember 2019.

Slekters gang

Døpte

Meland kyrkje

09.06.2019
Håkon Sigursveinn Bjørkheim
Mikal Solheim Leivestad
07.07.2019
Arian Losnegard Lien
Maren Danielsen Hope
28.07.2019
Leon Amadeus Langedal
11.08.2019
Emelia Dale Sagstad
Sara Bratshaug
Sebastian Raa Sylta
08.09.2019
Milian Ystebø Andersen
15.09.2019
Philip Kalvatn
Olaf Eikås Restad
Sigurd Johnsen Eikeland
29.09.2019
Olivia Tvedten Dale
Jonas Skau
Ellinor Vik Vedå

Blomvåg kyrkje

18.08.2019
Lily Noelle Vatnedalen Vik

Vigde

09.06.2019
Fadi Salim Layouts og Tharaa
Abdul Hamid
03.08.2019
Christine Linn Tøgersen og
Christer Martinsen
10.08.2019
Trine Taule og Johannes Knudsen
17.08.2019
Evelyn Nesse Lie og Christopher
Binsted Sandal
21.09.2019
Elise Marie Sandberg Lyngved og
Geir Hopland
28.09.2019
Heidi Blokhus og Kaj Alexander
Johnsen

Gravlagde

Meland kyrkje

31.05.2019 Olga Flatøy Markhus
(f.1937)
06.06.2019 Jarle Våge (f.1952)
19.06.2019 Alf Bendik Vikebø
(f.1935)
19.06.2019 Ivan Magnus Gripsgård
(f.1948)
21.06.2019 Sofie Johannessen Bru
(f.1920)
25.06.2019 Margot Husebø
(f.1924)
25.06.2019 Inger Johanne Åmdal
(f.1929)
19.07.2019 Magda Marie
Skjelanger (f.1924)
23.07.2019 Cecelie Kårbø (f.1923)
30.07.2019 Matthew Gordon
Hauge (f.1970)

02.08.2019 Klara Andrea Eikeland
Presttun (f.1928)
06.08.2019 Oddny Johanne
Gaugstad (f.1963)
06.09.2019 Ranita Berthelsen
Ellingsen (f.1982)
13.09.2019 Norlaug Herborg
Seljelid Austegard (f.1940)
13.09.2019 Hilma Haugsvær
(f.1921)
20.09.2019 Aslaug Johanna
Leivestad (f.1930)
27.09.2019 Anna Magdalena
Kaland (f.1914)
04.10.2019 Ingebjørg Skjelanger
(f.1930)
08.10.2019 Arvid Mikal Skjelanger
(f.1948)

NY STEIN · OPPUSSING · NAVNETILFØYING

VESTSTEIN
naturstein

Kontakt oss på forhånd i telefon og gjør avtale
5918 FREKHAUG - MOB.: 913 13 480

Gravstein i alle utførelser
fra enkle og grove til
helpolerte.
Tilbehør til gravstedet
Tilførsler av navn
Oppussing vask, stell
Rehabilitering reoperasjon
www.eikner.no

STEINRIKET
EIKNER NATURSTEIN
Lokal representant
Rune Hjermann
Kyrkjesundsvegen 81, Holsnøy
Mob 911 63120

 **GLODE**
Arbeids- og Kompetansesenter

Vi tilbyr utleie av flotte festlokale og har gode cateringtilbud
til dåp, konfirmasjon, jubileum og minnesamvær.
Sjå www.glode.no eller ta kontakt på 56 17 58 00

 **Hageland**

Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS
Lyngvegen 1, 5914 Isdalstø
tlf. +47 56 35 17 65
mobil +47 926 08 647

ALT I CATERING

NORDHORDLAND FOLKEHØGSKULE
www.catering.com • tlf. 56 17 43 23

 **SKARSVÅG**
Rør og Interiør as

Telefon: 56 17 07 10 Telefaks: 56 17 07 11
Besøksadresse og Postadresse:
Melandsvegen 15, 5918 FREKHAUG
Mandag-Fredag 08.00-16.00 Lørdag: STENGT

For avtale etter kl. 16.00 alle hverdager,
ta kontakt på telefon: 56 17 07 10

REMA 1000

FREKHAUG SENTER
tlf.: 56 17 60 00

Meland Auto AS
Autorisert bilverkstad
www.melandauto.no



HELÅS AS

- Gravminner og benkeplater
- Salg av nye steiner
- Vedlikehold
- Reparasjoner (nytt gull eller lakk)
- Navnetilføyelse
- Arbeid på kirkegårder (rette opp og sikre steiner)

Bare ta kontakt dersom du har spørsmål.
Tlf 93 03 75 94 / 56 37 35 45

KIWI mini pris

for alle med sans for lavpris
FREKHAUG SENTER
Åningstider: Man.-fred. 9.00-22.00
Lørd. 9.00 - 20.00

GUDSTENESTE- KALENDER

8. desember

Kl.11.00 v/Håkon Ø. Kinsarvik
Dåp og nattverd
Takkoffer til Det Norske
Misjonsselskap

8. desember

Kl.19.00. Tradisjonell julekon-
sert

15. desember

Kl.20.00 Julekonsert m/Felix
Vocalis. Syng jula inn.
Takkoffer til Kirkens bymisjon

19. desember

Kl.11.00 Eldregudsteneste på
Eldresenteret m/Meland Pen-
sjonistkor og Bjørn Tore Sæle

24. desember julaftan

Kl.13.30 v/Bjørn Tore Sæle
Rosslund skulekorps
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

24. desember julaftan

Kl.15.00 v/Bjørn Tore Sæle
Sagstad skulekorps
Takkoffer til HimalPartner

24. desember julaftan

Kl.16.30 v/Håkon Ø. Kinsarvik
Takkoffer til Normisjon

25. desember 1.juledag

Kl.12.00 v/Bjørn Tore Sæle
Dåp og nattverd
Takkoffer til Det Norske
Misjonsselskap

26. desember 2.juledag

Kl.20.00 v/Håkon Ø.Kinsarvik

1.januar

Kl.12.00 v/Håkon Ø.Kinsarvik
Dåp og nattverd
Takkoffer til kyrkjelydsarbei-
det

5.januar

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Nattverd
Takkoffer til Misjonsprosjektet
i Midtausten for NMS

12.januar

Kl.11.00 v/Håkon Ø. Kinsarvik
Dåp og nattverd
Takkoffer til kyrkjelydsarbei-
det

19.januar

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Dåp og nattverd
Takkoffer til HimalPartner

26.januar

Kl.11.00 v/Magne Bjørndal
Nattverd
Takkoffer til Misjonsalliansen

2.februar

Kl.11.00 v/Håkon Ø.Kinsarvik
Dåp og nattverd
Takkoffer til kyrkjelydsarbei-
det

9.februar

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle
Nattverd
Takkoffer til Misjonsprosjektet
i Midtausten for NMS



Meland

Foto av Meland kyrkje: Morten Sæle

Glimt frå ei sprell levande gudsteneste

Søndag 29. september var det ei sprudlande gudsteneste i Meland kyrkje. Mange glade og spente 4-åringar fekk 4-årsbok, det var hiphop-dans, song av Levande Lys, og løva var sjølvsagt til stades.



Foto: Arve Kjell Uthaug



Foto: Arve Kjell Uthaug